

Nynorsk forum
nynorsk.forum@nynorsk.no

Kunnskapsdepartementet
postmottak@kd.dep.no

Oslo/Time/Tysnes/Førde/Volda/Fjaler/Ørsta, 13. september 2019

Innspel til stortingsmelding om arbeidsrelevans i høgare utdanning

Nynorsk forum har merka seg at Kunnskapsdepartementet arbeider med ei ny stortingsmelding om arbeidsrelevans i høgare utdanning. Innspelet konsentrerer seg om delane 1, 4 og 6 i innspelsbrevet. Medlemene i Nynorsk forum uttaler seg i dette innspelet både som interessentar for norsk språk, som arbeidsgivarar og utdanningsinstitusjonar.

Norsk fagspråk

Åtte av ti bedrifter i NHOs kompetansebarometer 2018 seier at skriftleg og munnleg kommunikasjon på norsk er litt eller svært viktig for bedriftene deira¹. Dette er den arbeidsgivarorganisasjonen som i størst grad organiserer eksportnæringane så ei tilsvarende undersøking i VIRKE eller KS hadde forsterka tendensen. Dei fleste høgare utdanningane utdannar kandidatar til norsk arbeidsliv. Studentane skal som profesjonelle kommunisere fag på norsk til kundar, brukarar og kollegaer. Den auka bruken av engelsk i academia, også på bachelor- og profesjonsutdanningar, gjer grunn til uro for norskkompetansen studentane har som ferdigutdanna.

For å sikre at studentane kan delta i norsk arbeidsliv må alle grunnutdanningar (årsstudium, bachelor, profesjonsutdanningar) ha kommunikasjon på norsk til kollegaer og brukarar i læringsutbytteomtalen til studiet og dei konkrete emna. Det er også nødvendig at fagmiljøa ved universiteta og høgskulane utviklar norsk terminologi på sine fagfelt. Gjennom å sikre norsk fagspråk i utdanningane kan institusjonane nå § 1-7 i Universitets- og høyskoleloven om ansvar for vedlikehold og videreutvikling av norsk fagspråk.

Norsk er både bokmål og nynorsk

Det er to norske skriftspråk, bokmål og nynorsk, og i norsk språkpolitikk er det mål om at begge skriftspråka skal vere samfunnsberande språk. Det tyder at universiteta og høgskulane skal utdanne kandidatar som kan nytte begge skriftspråka profesjonelt.

I næringslivet har bruken av nynorsk auka i etterkrigstida. Som døme har bruken av

¹ Rørstad, Børing, Solberg og Carlsen, *Rapport 2018:23 NHOs kompetansebarometer 2018. Resultater fra en undersøkelse om kompetansebehov blant NHOs medlemsbedrifter i 2018*. Oslo: Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU).

nynorsk i avisannonser i Sogn og Fjordane auka frå 38 prosent i 1938 til 74 prosent i 2012². Det er 113 nynorskkommunar i Noreg og i 26 nøytrale kommunar er nynorsk i bruk i skulen og andre offisielle samanhengar. Dersom høyringsframlegget til ny, heilskapleg språklov blir vedteke vil fleire enn i dag arbeide på arbeidsplassar som skal veksle mellom bruk av nynorsk og bokmål. I lovframlegget er det føreslått at alle nasjonale einingar som er omfatta av offentleglova må følgje reglane for statsorgan, og at der også føreslått at fylkeskommunane skal vere omfatta av vekslingsreglane³.

Som arbeidsgivarar merkar vi og våre medlemmer (LNK) at enkelte arbeidssøkarar har for svak skrivekompetanse i nynorsk. Det er viktig at kandidatar blir utdanna til ein nasjonal arbeidsmarknad og at dei kan meistre begge skriftspråka.

Styresmaktene sitt ansvar for norsk fagspråk

Standard Noreg, Kompetanse Noreg, Språkrådet og dei statlege høgskulane og universiteta må gå saman med nærings- og arbeidslivet om å utvikle terminologi på bokmål og nynorsk, og å gjere denne tilgjengeleg for studentar og dei som arbeider med feltet. Dei høgare utdanningsinstitusjonane må også ta fagspråket i bruk gjennom forskingsformidling, til dømes gjennom Store Norske Leksikon og Allkunne, slik at det allmenne publikum ser fagspråk frå mange fagområde i bruk.

Det er òg eit særleg behov for læremiddel i grunnutdanningane på nynorsk og bokmål. Korkje trykte eller digitale læringsressursar til store profesjonsutdanningar i helse-, sosial-, lærar-, ingeniør- og økonomifaga speglar det språkdelte norske arbeidslivet. Nynorsk forum er særleg uroa for at desse faga ikkje har eit godt nok omfang av nynorsk faglitteratur, og innrettinga av støtteordninga til lærebokutvalet må ta større omsyn til dette. Ho må også bli utvida til å omfatte digitale format.

Lærarutdanning

Nynorsk forum meiner det er avgjerande at lærarutdanningane (faglærarutdanningane, grunnskulelærarutdanningane, lektorutdanninga og barnehagelærarutdanninga) tek innover seg at elevane må møte godt språk av trygge språklege førebilete i alle fag og emne. Når norsk ikkje lenger er obligatorisk fag i grunnskulelærarutdanningane blir ikkje alle lærarar prøvd i både bokmål og nynorsk.

Studentane skal gjennom opplæringa bli kvalifisert til å undervise i både nynorsk- og bokmålsklassar. Gjennom opplæringa må dei få høve til å bli språkleg trygge i begge skriftspråka. Dette kan bli gjort gjennom kursing, eigne emne eller krav til veksling mellom skriftspråka i ulike vurderingssituasjonar uavhengig av skulefag.

Lærarar som ikkje meistarar det første skriftspråket til elevane sine er med på å undergrave norsk språk- og opplæringspolitikk. Lærarar, barnehagelærarar og lektorarar som blir tilsette i barnehagar og skular i nynorskområde utan tilstrekkeleg nynorskkompetanse bør få obligatorisk vidareutdanning i nynorsk betalt av kommunane eller fylkeskommunane.

² Grepstad, Ottar: «Språk i næringslivet» i *Språkfakta 2015*, https://www.aasentunet.no/iaa/no/sprak/sprakfakta/sprakfakta_2015/12_naringsliv/ [lesedato 8.9.2019]
³ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/spraklov/id2664141/> [lesedato 18.9.2019]

Beste helsing

Øystein Bagle-Tennebø (s.) BUL i Oslo	Ola Relling (s.) Dag og Tid	Åse Ryvarden (s.) Det Norske Teatret
Inger Undheim (s.) Jærmuseet	Kjartan Helleve (s.) Kringkastingsringen	Vidar Høviskeland (s.) Landssamanslutninga av nynorskkommunar
Gro Morken Endresen (s.) Noregs Mållag	Kai Roger Vatne (s.) Noregs Ungdomslag	Nana Rise-Lunum (s.) Norsk Barneblad
Gunnhild Skjold (s.) Norsk Målungdom	Kjell Ove Nordeide (s.) Nynorsk avissenter	Magni Øvrebotten (s.) NRK Nynorsk mediesenter
Torgeir Dimmen (s.) Nynorsksenteret	Gunnhild B. Stang (s.) Nynorskfylket	Tom M. Hetland (s.) Nynorsk pressekontor

Edmund Austigard (s.)
Litteraturselskapet Det Norske Samlaget

Per Magnus F. Sandsmark
Nynorsk kultursentrum
sekretær/ talsperson Nynorsk forum
nynorsk.forum@nynorsk.no